

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 27.7. 2016

Samla belastning i Modalenpakka

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) viser til brev frå NVE av 31.3.2016 om søknader om åtte småkraftverk i «Modalenpakka» der NVE ber høyringspartane om å vurdera kvar sak for seg, men og alle sakene samla. I forhold til sistnemnte punkt omfattar dette ei vurdering av samla belastning for området og felles handsaming av dei åtte søknadene, noko NVH ser på som positivt.

Modalen byr på friluftslivområder av både lokal, regional og nasjonal verdi. Nærleiken til Bergen er ein viktig faktor i høve til regionale brukarar, og Modalen ligg innanfor ei køyretid på 2-3 timar derifrå. Det er og mogeleg å ta seg fram til utangspunktet for turar i Stølsheimen ved hjelp av kollektive transportmiddel. Modalen har fleire kartlagte og verdisette område, slik som Stølsheimen-Otterstadstølen (svært viktig), Moelvi, Farestveit, Mostølen og Krossdalen (Fylkesmannen i Hordaland 2008). Regjeringa har som målsetting at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine friluftsområde innan 2018.

Landskapsmessig er Mofjorden rekna å vera av «stor verdi» som fjordlandskap, jfr. «Fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland 2009-2021». Stølsheimen er også rekna som «sårbart høgfjell av stor verdi». Modalen er rekna som en «elvedal med verdiklasse 3 «middels viktig» i følgje Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal (2011). Forvaltninga av landskap vil difor vera ein viktig faktor i vurderinga av inngrep langs heile Steinslandsvassdraget. I denne samanhengen vil vi peika på enkelte deler der utbyggingspresset har vore og er urimeleg høgt. Eit slikt område er Hellandsdalen, der fire av dei åtte planlagte småkraftverka i Modalenpakka ligg. Her går det ein viktig turveg nordover til Skjerjevatnet. I konsesjonssøknadene for kraftverka Budal II, Seljedalselva, Bleidalselva og Tverråni burde dalføret ha fått ein høgare verdi enn det går fram av konsekvensvurderingane. Hellandsdalen er ein viktig innfallsport til Stølsheimen, eit friluftsområde som er rekna som svært viktig og med høg regional verdi. Naturvernforbundet kan difor ikkje akseptera den samla belastninga av dei planlagte utbyggingane i Hellandsdalen. Landskapet i denne dalen er prega av fleire middels store fossar som Bleidalsfossen, Seljedalselva og Tverråni. Det er ikkje av utbyggar gjort noko sumverknadsvurdering, og vi ber NVE difor om å vektleggja dette i saksbehandlinga.

Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 seier om Modalen-Eksingedalen at *«Mykje av vassdragsnaturen er regulert i samband med kraftutbygging, og det er viktig å ta med i vurderinga av sumverknad for området ved nye prosjekt, særleg for område med stor friluftaktivitet.»* Og i kommunestyrevedtaket i Modalen om Modalenpakka heiter det: *«Kommunen vil likevel understreka at den samla belastninga som 8 nye utbyggingar vil gje, som kjem i tillegg til ei lang rekke eksisterande utbyggingar, synest i overkant stor. Kommunen vil peika på at Hellandsdalen er betydeleg meir brukt i*

friluftssamsnheng enn det som kjem fram i søknaden.» I tråd med dette meiner vi i Naturvernforbundet Hordaland at konsekvensutgreiingane for dei fire kraftverka i Hellandsdalen undervurderer verknadene for landskap og friluftsliv, og at dalen er inngangsporten til Stølsheimen, som er eit av dei viktigaste regionale friluftsområda i Hordaland. Vi ber NVE greia ut kva utbyggingar som vil vera samfunnsøkonomisk tenlege og kva utbyggingar som vil ha dei største ulempene for allmenne interesser. Subsidiært ber vi NVE om å vurdere auka minstevassføring som avbøtande tiltak.

Kraftverk	Bruker- interesser	INON km ²	Rørgate	Redusert vannføring	Veg	Minste- vannføring	Inntaks- dam	Samla konsekvens
Tverråni	Små	0.37	680 m tunnel/grøft	650 m	1.3 km	5%	12 x 3 m	Ingen/liten negativ
Budal II	middels negativ	0	1500 m rør	1.3 km	50 m	5%	25 x 2 m	Ingen/liten negativ
Seljedalselva	Liten positiv	0.37	600 m tunnel	555 m	690 m	5%	12 x 2.5 m	Liten negativ
Bleidalselva	Liten positiv	0	630 m rør	660 m	420 m	5%	15 x 2.5	Ingen/liten negativ

Når dette er sagt, vil vi likevel peika på tre vassdrag som etter vår meining har så stor eigenverdi at det alt no er grunn til å avslå konsesjon på utbygging. Det eine er Budal II som ligg i Hellandsdalen, og der vi har levert ei eiga høyringsuttale. Dette er det nedste av dei fire sidevassdraga i Hellandsdalen, og samstundes det største og det vassdraget der skadeverknadene på natur- og friluftsverdiar er størst (jfr vedlagte tabell)

I tillegg går Naturvernforbundet Hordaland mot utbygging av Kvernhusfossen og Todeilselva, i det førstnemnte tilfellet av omsyn til skadeverknadene på fjordlandskapet i Mofjorden og i det andre tilfellet av omsyn til konsekvensane for fiske og friluftsliv langs Todeilselva. Også for desse to vassdraga leverer Naturvernforbundet Hordaland eigne høyringsuttaler.

Referansar:

Clemetsen, M., Uttakleiv, L.A. & Skjerdal, I.B. (2011). Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap. Rapport 07-2011.

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar